

NORGESTAXI BERGEN AS  
Ensjøveien 20  
0661 OSLODato: 06.12.2016  
Vår ref.: 2015/6943-40  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Køyreplan for reserveløyve knytt til Norgestaxi Bergen

Samferdselsavdelinga viser til innsendt forslag til køyreplan for Norgestaxi Bergen samt til samarbeidsmøte 9. november 2016.

Køyreplanen som NTB har utarbeidd gjev like mange timar i drift som den generelle køyreplanen utarbeidd av løyvestyresmakta, totalt 80 timar i drift per veke. Det er fordelinga av driftstimane som er annleis i den køyreplanen NTB no har lagt fram. Ein ser at NTB ynskjer lange samanhengande skift for reserveløyva, utan inneståing i føremiddagstimane. Sentralen hevdar at etterspurnaden er større på føremiddag enn tidleg på morgonen, og at lange skift gjev betre bilutnytting og økonomi.

Samferdselsavdelinga ser at det er praktiske fordelar for løyvehavar med å ha lange skift på reserveløyva, men det er vanskeleg å sjå at det kan vera rett at trafikktoppane har flytta seg frå tidleg morgon til føremiddag. Det har vore eit tilbakevendande problem at drosjar ikkje kjem ut i drift tidleg på morgonen.

Bergen Airport Taxi (BAT) har lagt fram nye køyretider for godkjenning utan inneståing, men samferdselsavdelinga godkjende ikkje desse. Fjerning av inneståing vart drøfta i samarbeidsmøtet i november, og det var delte meiningar om dette blant dei frammøtte sentralane.

Samferdselsavdelinga har innskjerpa bruken av reserveløyva i dei periodane dei skal stå inne. Det ser ut for at løyvehavarane har tilpassa seg dette. Ein ynskjer ikkje å opna for endringar no, endringar som i ytste konsekvens kan føra til at alle reserveløyve startar kl. 7 utan inneståing på føremiddagen. På denne bakgrunn kan samferdselsavdelinga ikkje godkjenna dei køyretidene som NTB no har lagt fram.

Ein gjer merksam på at i samband med evaluering av drosjeverksemda 2016 vil køyretidene for reserveløyva verta evaluert og eventuelt endra. Sentralane vil få høve til å uttala seg på førehand.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*